

Arkivnr. 0/014/HBJ/2015-012

REFERAT FRÅ REPRESENTANTSKAPSMØTE 2015

for Førde Internasjonale Folkemusikkfestival
torsdag 10. desember kl 17.00-19.00,
på Scandic Sunnfjord Hotell, Førde.

Til stades:

Olve Grotle - Førde kommune,
Karen Marie Hjelvesæter - Sogn og Fjordane Fylkeskommune,
Karen Hornnes - Førde Ungdomslag,
Nils Helgheim - Indre Sunnfjord Spelemannslag,
Geir Opseth - Førde Industri- og Næringsnamskipnad
Ingrid Heieren - Sogn og Fjordane Folkemusikklag,
Helene Myklemyr - FolkOrg

Frå styret: Kristin Hille Valla, Ivar Svensøy, Trude Skarvatun.

Frå administrasjonen: Hilde Bjørkum

SAK 1 Godkjenning av innkalling og sakliste. Konstituering

Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.
Møteleiar: Olve Grotle
Underskrive møteboka: Ingrid Heieren, Geir Opseth
Referent: Hilde Bjørkum


SAK 2 Festivalen 2015. Oppsummering og evaluering.

Styrets vurdering. Orientering ved styreleiar Kristin Hille Valla og direktør Hilde Bjørkum.

Årets festival vart avvikla utan store problem. Festivalprogrammet fekk gode omtalar i norsk og utanlandsk media og i hovudsak positive tilbakemeldingar frå publikum. Eitt av høgdepunkta var det vietnamesiske dokketeatret som festivalleiar har arbeidd i fleire år for å få til festivalen. Også i år var det fjernsynsopptak av Opningskonserten, og for første gong vart denne sendt på NRK 1, med gode sjåartal.

Festivalen hadde tre store nyproduksjonar i høve årets tema «World ConneXions, samt tre andre nyproduksjonar. Også i år vart fleire nye arenaer tatt i bruk. Det er viktig for festivalen å stå for nyutvikling og nyskaping i tillegg til å formidle musikk på høgt kunstnarleg nivå frå heile verda, og samstundes vere eit viktig utstillingsvindaug for musikk frå vårt eige fylke og Norge.

Årets Førdekonferanse hadde god deltaking og fekk mange gode tilbakemeldingar. Her trengst det likevel å ta nye grep for vidare utvikling.



Overnatting for publikum og gjester er framleis ei utfordring under festivalen. Det vart satsa på å nå fleire publikum i nærområda som ikkje treng overnatting. Resultat frå publikumsundersøking festivalen gjennomførte i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane tyder på at ein lukkast med dette i nokon grad. Fleire resultat frå undersøkinga vil bli presentert i februar 2016.

Det vert arbeid overfor reiselivet, men ein har ikkje oppnådd tilfredsstillande uttelling her enno. Det var likevel turistgrupper både frå Kina og England som besøkte festivalen dette året. Styreleiaren ynskjer å arbeide saman med fylkeskommunen i høve Innovasjon Norge-kontor i utlandet i høve dette.

Billettinntektene for årets festival var litt høgare enn budsjettet, og det er god økonomikontroll i verksemda. Det er estimert eit positivt årsresultat for 2015.

Tilbakemeldingar / synspunkt frå representantskapet.

Ordførar Olve Grotle poengterte at festivalen er viktig i høve merkevarebygging av Førde og fylket, i tillegg til auka omsetning for næringslivet.

Geir Opseth frå FINS informerte om at det er auka aktivitet i næringslivet i festivalperioden samanlikna med andre veker i juli. Men ein har lite historiske data på dette for å måle endringar i høve tidlegare år. Han meiner festivalen sin posisjon er styrka og at ein i framtida kan få til eit sterkare samarbeid med FINS.

Næringslivet har eit potensial i å vere meir «på» i høve festivalen og andre store arrangement i Førde. Her kan ein sjå til det lokale næringslivet sitt engasjement under Malakoff-festivalen, Opera Nordfjord og i høve Sogndal fotball.

Det er trong for å pakketere opplegg også for næringslivet, slik ein tenker på pakketering overfor reiselivet.

Ingrid Heieren frå Sogn og Fjordane Folkemusikklag poengterte det viktige ved at festivalen greier å ta inn heile verda, samstundes som ein òg presenterer dei lokale tradisjonane frå fylket vårt og frå heile landet.

Karen Hornnes frå Førde u.l. la vekt på at festivalen gir publikum mange gode opplevingar. Mange får likevel noko anna enn det dei hadde forventa – t.d. i forestillinga frå FRIKAR dette året. Ho poengterte òg at konferansierar på dei store konsertane somme tider kan ta for stor plass i programmet.

SAK 3 Festivalen si verksemd gjennom året 2015

Orientering frå styre og administrasjon.

Hilde Bjørkum orienterte om festivalen si verksemd gjennom året, med FolkJazzScena, Bornas Verdsdagar Førde, kurs- og konferansar, foredragsverksemd m.m.

Desse aktivitetane er ein stor og viktig del av festivalen si verksemd som knutepunktfestival og dei kriteria som har følgt med den ordninga. Når knutepunktordninga og finansieringmodellen no vert endra, står det att å sjå kva nivå denne type aktivitet skal ligge på i framtida. Her må ein avvente kriteria som vert lagt i den nye ordninga i Kulturrådet, og tilskotsnivået frå dei ulike



forvaltningsnivå.

Tilbakemeldingar / synspunkt frå representantskapet.

Fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad heldt fram at det er viktig at festivalen syner att og har aktivitetar fleire stader i fylket. Ho framheva også Bornas Verdsdagar som eit viktig og svært godt arrangement.

Ordførar Olve Grotle poengterte òg at det er svært bra at festivalen har aktivitetar i kommunane rundt Førde, ikkje minst i Florø.

SAK 4 Valnemnd for neste års val av styremedlemer.

Representantskapen skal velje 3 medlemer til festivalen sitt styre på neste års representantskapsmøte. Desse skal kome frå det aktive folkemusikk-/ folkedansmiljøet, representert ved utøvarorganisasjonane.

Årets representantskap skal velje valnemnd som skal innstille kandidatar til styret.

Representantskapen gjorde slikt samrøystes vedtak til ny valnemnd:

VEDTAK: Valnemnd: Kirsten Friis (leiar), Jens Brekke (attval), Nils Helgheim (ny)

SAK 5 Førdefestivalen framover

Endringar i Statsbudsjettet 2016 – konsekvensar for Førdefestivalen.


Styreleiar Kristin Hille Valla orienterte om at ved handsaming i Stortinget av Kulturkapitlet i Statsbudsjettet 2016, beslutta eit fleirtal at Knutepunktordninga blir oppheva, og at det skal utviklast ei spydspissordning gjennom festivalstøtteordninga i Norsk Kulturråd. Endeleg vedtak av statsbudsjettet er 18. desember, men det er ikkje venta endringar i høve dette. Kulturrådet skal anbefale retningslinjer for den nye ordninga til Kulturdepartementet, og regjeringa skal omtale dette i samband med revidert nasjonalbudsjett våren 2016.

For 2016 tyder omlegginga ikkje så store endringar for festivalen, bortsett frå at fylkeskommunen har gjort vedtak om nedtak i sitt tilskot. Ein planlegg difor neste års festival med om lag same omfang som før.

Leiar i nærings- og kulturutvalet, Karen Marie Hjelmesæter uttalte at det er synd at knutepunktordninga forsvant. Fylkeskommunen ser klart at Førdefestivalen er viktig for fylket.

Fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad heldt fram at Førdefestivalen likevel bør ligge godt an i høve kunstnarleg vurdering i Kulturrådet.

Styreleiar Kristin Hille Valla oppmoda om at fylkeskommunane og kommunane som er vertskap for komande spydspissfestivalar må snakke saman og danne felles front i høve sentrale styresmakter.




Det er utfordrende å få inn private sponsorar både pga dei den generelle økonomiske situasjonen i næringslivet, og fordi Sogn og Fjordane har få store næringsaktørar med hovudsete i fylket. Viktig kva «pakke» festivalen kan foreslå overfor næringslivet.

SAK 6 Rullering av strategiplan

Strategiplan for festivalen for 2016-2019 vart vedteken i styremøte 10.12.2015, og vart utdelt i møtet. Planen ligg òg dette referatet.

Møtet slutt 18.45

Førde 10.12.2015


Hilde Bjørkum (ref.)


Ingrid Heieren


Geir Opseth

